



Referat frå ekstraordinært kommunemøte tysdag 5. januar

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stades:

1. Velkomen til møtet

Vi ønskjer på vegne av Statsforvaltaren eit godt nytt år. Det er heilt sikkert eit felles ønskje frå oss alle at det vert annleis og betre enn det året vi akkurat har lagt bak oss.

Vi vil nytte høvet til å takke kommunane for respons og oppfølging på oppdrag og krav som kom før jul og i løpet av jule- og nyttårshelga. Vi er imponert over evna til å følgje opp og respondere på sjølv svært korte fristar.

Dei siste par vekene er det særleg Bergen kommune som har fått mange oppgåver og forventningar frå oss. Det gir mykje ekstra oppgåver å ha norsk yttergrense (både på Flesland og i hamna). Innreisekarantenehotell og etablering av teststasjon og eit større informasjonsapparat på grenseovergangane er to døme på det. Bergen fekk laurdag før jul òg den russiske fiskebåten i fanget.

Noko av det som kom i løpet av jule- og nyttårshelga var plikta til å fylle ut ein reiseregistreringsblankett for alle som passerer grensa til Noreg. Frå og med laurdag 2. januar vart det etablert som eit elektronisk registreringssystem. Føremålet med etableringa er at det skal fungere som eit verktøy for å hindre spreiiing av Covid-19.

om: 120 %

I tillegg til å fylle ut eit skjema med opplysningar om m.a. reisemål, har alle som kjem til landet ei plikt til å late seg teste for covid-19. Det er viktig å understreke at det er den reisande som har handlingsplikta.

Det er eit mål at flest mogleg skal bruke testsentera ved grenseovergangane, men tidvis stor trafikk og andre forhold kan gjere at det likevel kjem reisande som ikkje har testa seg til kommunane. Reiseskjemaa kan gi eit god peikepinn på kor mange som kjem til den enkelte kommunen, og kan sånn sett gjere det litt lettare å planlegge testkapasitet. Opplysningane i skjemaet kan òg bidra til å gjere sporingsarbeidet etter eit smitteutbrot lettare.

Vi har forstått det slik at det blir jobba med å sjå på mogleg integrasjon mot smittesporingsverktøya. Vi har òg etterspurt om det vil kunne bli mogleg å via løysinga sjå om den reisande har blitt testa ved grensepassering.

Etter oppmoding frå Bergen kommune sendte vi i dag eit ønskje til Helsedirektoratet, om at nasjonale smitteverntiltak vert oversett til dei mest etterspurde språka, slik at informasjonen kan nå ut til alle innbyggjarane.



Direktoratet svarte at dei har oversett koronainformasjon til ulike språk som finst på helsenorge.no. Dei oppdaterer ny informasjon, råd og reglar etter kvart som dei vert vedtatt. Når endringane kjem i helgar og heilagdagane vil det nødvendigvis ta noko lengre tid. Helsedirektoratet seier at tiltaka Regjeringa sette i verk på søndag er klare - Koronavirus - helsenorge.no.

2. Spørsmål og innspel frå kommunane om trening, arrangement mv.

- a. Maksimalgrense for deltaking på ulike arrangement v/Ella Marie Brekke Vangsnes, Bjørnafjorden kommune.

Regjeringa seier at det skal vere «Maksimalt ti personer på innendørs idrettsarrangement, kulturarrangement, seminarer, livssynssamlinger, seremonier mv.».

Kva ligg i seminar? Og i mv.? Jobbmøte?

Planleggingsdagane skule/barnehage? Politiske møte?

Svar:

I bokstav c) § 13, 1. ledd i Covid-19-forskrifta, er arrangement definert som "seminarer, konferansar, kurs og andre faglege sammenkomster, inkludert bespising utan servering av alkohol, **men ikkje møter eller sammenkomster som ledd i ordinært arbeid eller undervisning på skole eller universitet**".

<https://lovdata.no/forskrift/2020-03-27-470/§13>

- b. Deltakarar på minnestunder v/kommuneoverlege Daniela G. Brühl, Ullensvang
"Vi mottar mange spørsmål rundt minnestunder. Er slike tilstelningar ansett som privat arrangement på offentligt stede med maks 5 personer tillatt"?

Svar:

Ja. Vi kan ikkje sjå at forskrifta, eller rettleiinga til den, gir unntak frå avgrensinga til maks fem personar. Vi har vore i kontakt med Bjørgvin bispedøme som har same oppfatning.

- c. Innandørs fysisk aktivitet v/Thore Hopperstad, Ulvik kommune

Regjeringa seier at innandørs fysisk aktivitet skal avlysast dei neste 14 dagane. Gjeld dette og symjehall?

Svar:

Helsedirektoratet seier at treningssenter, symjehallar, badeland, spaanlegg, hotellbasseng og liknande kan halde opent viss dei driv smittevern fagleg forsvarleg:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/idrett-kultur-fornyelsesparker-og-frivillige-organisasjoner/treningsentre-svømmehaller-badeland-spaanlegg-hotellbasseng-og-liknende-kan-holde-aptent-hvis-de-drives-smittevern-faglig-forsvarlig>

FHI har ei eiga side med råd til symjehallar og badeanlegg. Der står det no ei generell tilråding om fritids- og idrettsaktivitetar; alle slike organiserte aktivitetar (inkludert kulturarrangement innandørs) bør utsetjast til etter 18. januar:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/rad-svømmehaller-og-badeanlegg/>

- d. Gruppetrening på treningssenter v/ Kristin Cotta Schønberg, Askøy kommune

"Flere treningssentre har tatt kontakt på grunn av ulik praktisering av gruppetrening, noen har grupper med 20 personer eller flere, noen med 10, andre avlyser gruppetrening helt. Det



gjøres forskjellig fra kommune til kommune, og inad i kommunene. Ifølge en eier av treningscenter på Askøy har bransjeorganisasjonen Virke gått ut og sagt at de nasjonale tiltakene og anbefalingene ikke får konsekvenser for treningscenterne”.

- e. Gruppetreninger i treningscenter v/Anita Hesthamar, Kvam kommune
I samband med dei nye nasjonale tiltaka frå i dag, har me nokre spørsmål til. Bryt treningscenter nasjonale tilrådingar dersom dei arrangerer gruppetreningar (opptil 10 deltakarar)? Dersom ikkje, gjeld grensa på 10 per rom, samla i lokalet, eller for den enkelte gruppeaktivitet?
- f. Ubemannatreningscenter v/Anita Hesthamar, Kvam kommune
Kva er gjeldande reglar og/eller tilrådingar for ubemannatreningscenter?

Svar på d), e) og f):

Helsedirektoratet seier på heimesida si at treningscenter, symjehallar, badeland, spaanlegg, hotellbasseng og liknande kan halde opent viss dei driv smittevernfagleg forsvarleg:
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/idrett-kultur-fornoyelsesparker-og-frivillige-organisasjoner/treningscenter-svømmehaller-badeland-spaanlegg-hotellbasseng-og-liqnende-kan-holde-apent-hvis-de-drives-smittevernfaglig-forsvarlig>.

Covid-19-forskrifta § 15 b set krav til smittevernfagleg forsvarleg drift ved ein del verksemder. Det står at «*Fornøysesparker, svømmehaller, badeland, spaanlegg, hotellbasseng, treningscenter, bingohaller, spillehaller og lignende skal, for å kunne holde åpent, drives smittevernfaglig forsvarlig. Med smittevernfaglig forsvarlig drift menes at virksomheten skal sørge for at besøkende og personell kan holde minst 1 meters avstand til personer som ikke er i samme husstand, at virksomheten har utarbeidet rutiner for god hygiene og godt renhold, og at rutinene blir overholdt*».

FHI har ei eiga side med råd til symjehallar og badeanlegg:

- <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/rad-svømmehaller-og-badeanlegg/>

FHI skriv der at «*Det anbefales at alle organiserte fritidsaktiviteter, idrettsaktiviteter og kulturarrangementer innendørs utsettes til etter 18. januar. Dette gjelder også alle aktiviteter innendørs som samler barn og unge på tvers av klasser/kohorter*».

Helsedirektoratet seier det same. Dei seier òg at utandørs aktivitetar for barn, unge og vaksne i perioden kan gjennomførast viss det er mogleg å halde god avstand:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/smittevern-for-idrett-covid-1>

Samstundes har Virke (Hovudorganisasjonen for handels- og tenestenæringa) understreka at organisert trening ikkje er omfatta av avgrensinga i talet deltakarar. Dei seier at «*Regjeringens sosiale lockdown nasjonalt omfatter private hjem og arrangementsregelverket. Organisert trening er ikke å anse som et arrangement og er derfor ikke omfattet av antallsbegrensningene i covid-19-forskriftens § 13 m.fl. Dette sies også eksplisitt i § 13 bokstav a: «men ikke organisert trening*».

<https://www.virke.no/bransjer/trening/#smittevernveileder>

I råda til idrettslag og treningscenter seier FHI at sentera bør lage ein oversikt eller plan over maksimalt tal personar som kan vere til stades samtidig på senteret. Planen må baserast på gjeldande avstandskrav og tilgang til garderober, toalett og dusjfasilitetar:



<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/idrett-og-trening/>

I tillegg seier FHI at:

- Det bør vere minst éin meters avstand mellom dei som til ei kvar tid trenar, og minst to meter ved trening med høg intensitet. I mindre fysisk krevjande gruppetreningar, som yoga og pilates, er éin meters avstand tilstrekkeleg.
- Handhygiene bør utførast før og etter treningsøkta.
- Forsterka reingjering av hyppig brukte kontaktpunkt og utstyr.
- For utstyr som vert tatt i med hendene over tid (t.d. manualar og treningsapparat), bør brukaren reingjere i tråd med vanlege rutinar, og senteret bør reingjere ved dagens slutt.
- Unngå kø ved inngang/resepsjon, toalett, garderober og ved apparat/stasjonar.

g. Utsett skulestart for produksjonsskule v/Thore Hopperstad, Ulvik kommune

Me har produksjonsskule i Ulvik, med tilreisande elevar i aldersgruppa +/- 16-19 år. Desse elevane reiser normalt heim i helgene og er i Ulvik i vekedagane, der dei bur i internat. Skulen har fått beskjed om at dei ikkje er omfatta av restriksjonen med utsett skulestart til 18.desember. Er dette rett?

Svar:

Ja, det er rett. Vidaregåande skular skal drive på raudt nivå etter rettleiaren.

Fylkeskommunen v/Kristin Rundsveen har sendt denne SMSen til oss:

Alle skulane i Vestland følgjer dei nasjonale føringane. Når det gjeld Ulvik er det berre produksjonsskulen som har fysisk oppmøte på skulen. Det er innført raudt nivå med dei tiltak som vert kravd både på skulen og internatet. Skulen har òg vaksenopplæring og fagskule. Desse elevane har ikkje fysisk oppmøte før etter 18. januar.

3. Spørsmål om serveringsstader

a. Gjester i spisesalong på serveringsstad v/ Gunn Tove Petterteig, Kvinnherad komune

Vi har fått eit spørsmål frå ein serveringsstad som lurar på kor mange gjester dei kan ha inne i spisesalongen? Vi sa at vi meinte det var 10 stykk, men ser at helsedirektoratet har ein tekst som gjeld arrangement i ikkje fastmonterte seter er 50 personar. Så står det at det skal vera minst 1 meter avstand mellom sitteplassane (som før).

Men under §14a i Covid 19 forskrifta står det:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470>. Serveringsstedet skal ikke ha servering for privat sammenkomst med flere enn 20 personer. Dette blir litt forvirrende å gje råd om, 10 eller 20 personar? Eller 1 meter mellom gjestene så lenge det ikkje er private samankomstar?

Svar:

Serveringsstadar kan halde opent viss drifta er smittevern fagleg forsvarleg. Det inneber at verksmeda skal syte for at besøkande og personell kan halde minst éin meters avstand til personar i annan husstand, at den har utarbeidd rutinar for god hygiene og godt reinhald, og at rutinane vert følgde. Det som bestemmer kor mange gjester ein serveringsstad maksimalt kan ha, er såleis kravet om å kunne halde minimumsavstanden til personar i annan husstand. Mange av gjestene vil vere husstandsmedlemmer og kan difor sitje tettare.



Nasjonale styresmakter skil mellom arrangement som vert gjennomført på ein serveringsstad, og kva som er ein del av den ordinære drifta på serveringsstaden. Helsedirektoratet seier at «*Bransjen og det enkelte serveringssted må selv ta stilling til kva som er arrangement og hva som inngår i ordinær drift av serveringsstedet*».

Underhaldning, konsertar og andre tilstellingar på ein serveringsstad vil typisk sjåast på som eit arrangement, viss gjestene i hovudsak kjem til serveringsstaden for å sjå på underhaldninga/konserten, eller delta på tilstellinga. Etter endringane på søndag er det no maksimalt lov med ti personar på eit arrangement innandørs (og med minst éin meters avstand), så lenge det ikkje er fastmonterte stolar.

Ein serveringsstad skal ikkje ha servering for privat samkome med fleire enn fem personar, og serveringsstaden skal bidra til å overhalde forbodet mot å være fleire enn fem til stades. Etter forskrifta vert det ikkje definert som arrangement viss det er privat samkome med færre enn tjue personar til stades, og det skjer i dei delane av lokalet som samstundes er opent for ålmenta.

4. Spørsmål om høve til å gi lokale forskrifter mv.

- a. Lokale fråvik frå nasjonal forskrift v/Ella Marie Brekke Vangsnes, Bjørnafjorden kommune. *Er det slik at me som kommune kan forskriftsfesta/kome med strengare tiltak og anbefalingar enn dei nasjonale, men ikkje «mindre strenge»?*

Svar:

Systemet no: Har eitt sett med nasjonale forskriftsføresegner som er bindande for alle. Og eit anna sett med nasjonale tilrådingar, som nettopp er tilrådingar. Uoversiktleg med dette systemet, men det får me ikkje gjort noko med her.

Men kva er det kommunale handlingsrommet til å ha eigne forskrifter eller tilrådingar? Så lenge vilkåra i smittevernlova er oppfylte, kan og bør kommunen gje strengare forskrifter enn dei nasjonale. Eg minner for ordens skuld om vilkåra i smittevernlova § 4 1 jf. § 1-5.

- Klar medisinfagleg grunngjeving
- Naudsynt av omsyn til smittevernet
- Tenleg etter heilskapsvurdering
- Det er lagt vekt på frivillig medverknad
- Ikkje for sterkt (“uforholdsmessig”) inngrep

Dersom kommunen vel å gje strengare forskrifter enn dei nasjonale, bør vurderinga av dei ulike vilkåra i lova konkret grunngjevast i forskrifta.

Men kommunen kan ikkje ha meir lempelege forskrifter enn dei nasjonale.

Tilrådingar: Her er det vårt råd at kommunen ikkje bør koma med lempelegare lokale råd enn regjeringa, fordi det kan undergrava oppslutnaden om nasjonale tilrådingar og også om tiltak som regjeringa har gjeve i forskrift. Og det kan skapa meir forvirring blant folk flest. Men råd har ikkje forskrifts rang og kan ikkje handhevast med makt eller straffsanksjonarast.

Som for tiltaka i form av forskrifter, ligg det dessutan ei oppmoding til kommunane om å gje strengare tilrådingar enn dei nasjonale, dersom det er konkrete lokale grunnar til det. I og med at det er råd, ligg det her ingen vilkår i smittevernlova.



5. Spørsmål knytt til skular mv.

Nokre innleiande kommentarar:

Etter ein dialog mellom Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet er det semje om følgjande presisering av regjeringa si avgjerd knytt til raudt nivå:

Det nasjonale vedtaket gjeld ungdomsskular og vidaregåande skular, inkludert vaksenopplæringa. Vedtaket omfattar ikkje barnehagar, barnetrinn, SFO og leksehjelp på barnetrinnet og pp-tenester.

Vi har understrekt gjennom heile perioden sidan mars at avgrensing i tilbod i barnehage og skule ikkje skal nyttast forebyggjande, men vere eit resultat av faktisk smittesituasjon.

Det aktuelle vedtaket er for mange kommunar ikkje tilpassa det faktiske smittebildet, og er difor førebyggjande. Vi må difor sjå dette som ei kriseavgjerd for å få bukt med smittesituasjonen etter julefeiringa. Vi meiner vi får svar innan 15. januar om, og i så fall korleis tiltaka vert ført vidare. Vi vil ta kontakt med eit utval av kommunar for å gje eit erfaringsgrunnlag til neste vurderingspunkt.

I ein del samanhengar er raudt nivå omtalt som synonymt med digital opplæring (heimeundervisning). Vi vil understreke at raudt nivå ikkje betyr at all opplæring skal skje som heimeundervisning. For mange skular vil raudt nivå i praksis bety ein kombinasjon av fysisk opplæring på skulen og digital heimeopplæring.

For kommunar med høge smittetal kan det og vere aktuelt å gå til raudt nivå i barnehage og barnetrinn. Det skjer i så fall etter lokale vurderingar og vedtak.

- a. Aktivitet i idretts-SFO v/Ella Marie Brekke Vangsnes, Bjørnafjorden kommune.
“Me har nokre idretts-SFO (AFO, FFO og HFO) – her blir det samla barn og unge til innandørs aktivitet på tvers av klassar/kohortar. Er det greitt? Kan me sjå på det som skule og ikkje fritidsaktivitet? Det vil skapa problem for foreldra dersom denne typen SFO-ordning må stengja.”

Svar:

Kommunar kan nytte private aktørar for å oppfylle plikta til å ha eit SFO-tilbod. I rettleiaren om smittevern er SFO inkludert i omtalen av tiltaka. For dei SFO-tilboda som er vist til i spørsmålet gjeld det same som for kommunale tilbod. I praksis må ein like fullt sjå på korleis innhaldet i SFO-tilbodet er organisert, og sørge for at det er i tråd med dei retningslinene som gjeld for ulike nivå (grønt, gult, raudt)

- b. Gymnastikk i skulen v/Thore Hopperstad, Ulvik kommune
Er det same restriksjonar for gymnastikk i skulen som elles gjeld i høve innandørs fysisk aktivitet?

Svar:

I utgangspunktet er det rettleiaren om smittevern for det aktuelle trinnet og på dei ulike nivåa (grøn, gul, raudt) som gir føringane for korleis opplæringa i faget kroppsøving kan gjennomførast på ein smittevern-fagleg trygg måte.

Igjen må svaret bli at for trygg gjennomføring av opplæringa, kan det vere at skulen må gjere endringar for korleis den normalt er organisert. No som ungdomstrinn og vidaregåande



opplæring er sett i raudt nivå, vil det truleg føre til endringar for korleis opplæringa kan gjennomførast.

c. Elevar på leirskule v/ Marcel Meijer, Bremanger kommune

“Kan ein sende elevar på leirskule, der dei møter elevar frå andre delar av landet? Vi har nokre klasser som er planlagt skal reise allereie i veke 5”.

Svar:

Ja, ein kan sende elevar på leirskule, men det er viktig å understreke at ein må gjere ein del vurderingar i forkant. Som regel vil elevar i leirskular kome frå ulike kommunar i landsdelen. Ein bør difor følge *“Råd for elevar som bur i internat”* (sjå rettleiaren for ungdomstrinn og vidaregåande opplæring). Det er ikkje tilrådd å gjennomføre leirskule i kommunar som er på raudt tiltaksnivå. På same måte bør ikkje elevar frå skular/klassar på raust nivå dra på leirskule.

Utfyllande informasjon som er nyttig i vurderinga både for deltaking og eventuell gjennomføring, finn de i rettleiaren.

6. Spørsmål knytt til helse- omsorgs- og velferdstenester mv.

a. Besøk på sjukeheimar og i omsorgsbustadar v/Ella Marie Brekke Vangsnes, Bjørnafjorden kommune.

“Regjeringa anbefaler å unngå besøk i eigne heimar. Omsorgsbustadene og til dels sjukeheimane kan definerast som eigne heimar.

Tenestene er tydeleg på at det vil vere nødvendig å gå ut med oppdatert informasjon der ein går tilbake til 1- 2 besøkande med bakgrunn i regjeringas anbefalingar.

Det har vært svær stor besøksaktivitet på sjukeheimane i jula. Dei fleste besøkande klarer å forholde seg til sentrale og lokale retningslinjer, men dessverre ikkje alle”.

Svar:

Det har ikkje kome nye, konkrete tilrådingar i Helsedirektoratet sin koronarettleiar kap. 9 om besøk i kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar og omsorgsbustader. Vi har difor berre den nye nasjonale tilrådinga å støtte oss til: *«unngå å ha gjestar i heimen. Vent 14 dagar med private besøk. Unntak for naudsynte heimetenester og besøk hos personar i livets siste fase»*. Regjeringa tilrår òg at åleinebuarar kan ha besøk eller gå på besøk til 1-2 faste vener eller til ein fast husstand. Basert på dette, tilrår vi at kommunane oppmodar pårørande å avgrense besøk dei neste 14 dagane, men at det leggst til rette for besøk av alvorleg sjuke og terminale bebuarar der det er forsvarleg. I omsorgsbustader er det berre tenestemottakaren sjølv som kan avgrense besøk, men dei bør jo òg følge nasjonale tilrådingar, og kommunane må gje tilpassa informasjon om desse.

b. Besøk på institusjonar (sjukeheimar) v/Laila Røneid, Årdal kommune

“Skal me/kan me innføre strengare tiltak for besøk på sjukeheimane våre?”



Fylkesmannen i Vestland

Me har per no informert om at sjukeheimane er opne. Men, med ei oppmoding om at pårørende og andre om å avgrense besøk dei neste 14 dagane. Me ber og om at dei som har vore på besøk i områder med høgt smittepress eller har hatt besøk frå desse områda, om å vente i 10 dagar før dei besøker institusjonane.”

Sjå svar i førre punkt.

- c. Testing av studentar i praksis v/Ella Marie Brekke Vangsnes, Bjørnafjorden kommune.

“Vi får fleire studentar frå bl.a Høgskulen i praksis neste veke. Høgskulen meldar at praksis skal gå som planlagt på tross av at all undervisning skal skje digitalt.

Bør vi teste studentane før dei startar? Eventuelt berre dei som har vært på reise i jula?”

Svar:

Praksisstudentar bør i utgangspunktet behandlast på same måte som andre tilsette, og dei er på same måte omfatta av retningslinjer frå FHI og Helsedirektoratet. Vi skal få høyre meir om dette til slutt i møtet frå dekan Randi Skår ved HVL. Vi oppmodar dykk til å gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet kring dette, dei har òg ei eiga side om dette som vi lenker til:

<https://www.hvl.no/student/praksis/helseogsosial/testing-for-covid-19-for-praksis/>

- d. Bruk av heimekontor v/Thore Hopperstad, Ulvik kommune

Det er innført sterke avgrensingar mtp omgang med andre. På arbeidsplassar er det tilrådd bruk av heimekontor for dei som kan. Likevel vil det vere nokre som kjem til arbeidsplassen.

Korleis skal me tolke nye restriksjonar mtp felles lunsj i kantina, evt avgrensing i tal tilsette i kantina - med andre ord; dei restriksjonar i tal personar som gjeld i private heimar; gjeld dei og på arbeidsplassen?

Svar:

Arbeidsgjevar har ansvar for å leggje til rette for godt smittevern. Til dømes betyr dette å avvike lunsj på ein måte som gjer dei tilsette i stand til å overhalde avstandskravet. Tal personar på arbeidsplassen er ikkje dei same som gjeld for private heimar. Lunsj er ei samkome som er ledd i ordinært arbeid, og er ikkje eit arrangement eller privat samkome jf. § 13 i forskrifta.

- e. Vaksinasjon av helsepersonell busett utanfor kommunen v/kommuneoverlege Elisabeth Winterthun, Etne:

“I kartlegginga av helsepersonell tok kommunen kun høyde for helsepersonell som er busatt og jobber i Etne kommune. Det er ei problemstilling til: Kva med helsepersonell som bur i kommunen men som arbeider i andre kommunar eller helseforetak. Kven har ansvar for å kartlegge og kalle disse inn til vaksinasjon? Får for eksempel sjukehusa utdelt vaksiner til å sette på sine tilsette? Skal me oppmode tilsette hos oss som har bustad i andre kommunar om å få vaksine i sin heimekommune, eller skal me som arbeidsgivar syte for at dei blir vaksinerte på arbeidsstaden”.

Svar:



Fylkesmannen i Vestland

Sjukehusa får vaksiner til bruk på prioriterte tilsette, i fyrste omgang 30.000 doser jf. Rettleiing for vaksinasjon av helsepersonell som vart sendt ut til kommunane i går kveld. Kommunane har moglegheit til å setje av inntil 20 % av dosane dei får tilsendt i januar til helsepersonell.

I utgangspunktet har kommunen ansvar for dei som bur eller oppheld seg mellombels i kommunen. Samstundes har mange fastlege i ein annan kommune enn dei bur i, eller dei bur og jobbar i ulike kommunar, noko som stiller krav til samarbeid mellom nabokommunar, fastlegar og arbeidsgjevarar, og helst med tydelege avtaler.

FHI tilrår så langt det er mogleg at vaksinasjon bør skje i heimkommunen, for å redusere tal tilfelle der samordning mellom to vaksinasjonsstader blir ei utfordring. Likevel er det ikkje noko i vegen for at arbeidsgjevar vaksinerer helsepersonell, så lenge ein har oversikt og dialog – hugs registrering i SYSVAK!

I dei tilfelle kommunen treng opplysingar frå fastlege, opplyser HOD og Helsedirektoratet om at det i helsepersonellova §§ 25 og 45 er oppstilt unntak frå teieplikta der opplysingane er naudsynte for å gje forsvarleg helsehjelp, slik at dette ikkje skal vere til hinder for gjennomføring av vaksinasjonsprogrammet.

f. NAV-kontor opent for tilfeldig besøk v/Laila Røneid, Årdal kommune

“Skal me/kan me ha ope lokalt NAV-kontor for tilfeldig besøk”?

Svar:

NAV representerer særst viktige tenester og hjelp for mange, og det er viktig å syte for at desse er tilgjengelege så langt som råd. Det er arbeidsgjevar sin plikt å syte for forsvarleg smittevern på arbeidsplassen, slik at dei tilsette blir beskytta mot smitte og besøkande kan halde avstand. Viss dette ikkje kan gjerast på ein forsvarleg måte ut i frå smittesituasjonen lokalt, må ein ta naudsynte grep, der siste alternativ er å stenge verksemda. Dette må avgjerast lokalt.

g. Karantenefritak for helsepersonell ved negativ test v/ Kristine Brix Longfellow, Høyanger kommune

Er det virkelig tillat å gi helsepersonell fritak for de siste 3 dagers karantene ved negativ test på dag 7? Og i så fall, kan eg krevje at de må bruke munnbind i dei 3 dagar?

Svar:

Helsepersonell som kjem frå område med karanteneplikt er ikkje ekskludert frå forkorta innreisekarantene ved testing, jf. Covid-19-forskrifta § 4c. Dei skal ta første test innan 24 timer etter framkomst og andre test – som må vere PCR - tidlegast 7 dagar etter framkomst. I praksis vil vel oftast ikkje svaret vere klart før dag 8. Nyare studiar viser at inkubasjonstida ligg på 4-6 dagar og at nytten av karantene flatar ut etter 8-9 dagar.

Vi oppmodar til dialog og frivilligheit når det gjeld utvida bruk av munnbind utover det som er naudsynt for eit forsvarleg smittevern, men arbeidsgjevar kan langt på veg styre kva utstyr arbeidstakarane skal nytte. Normalt vil det vere i begge partars interesse å beskytte seg sjølv



og andre i størst mogleg grad. Arbeidsgjevar kan òg bruke styringsretten sin til å gje den tilsette andre oppgåver enn pasientnære desse 2-3 dagane, viss frivilligheit ikkje fører fram.

1 meters avstand er framleis meir effektivt enn munnbind.

7. Studentar i praksis v/Randi Skår, dekan ved Fakultet for helse- og sosialvitskap, HVL

Regjeringa har satt i verk forsterka smitteverntiltak frå 4. januar der undervisning og arrangement vert digitale frem til 18. januar. Medan universitet og høgskular har fått melding frå Kunnskapsdepartementet (KD) om at praksis skal gjennomførast så langt det er mogleg, sjølv om all undervisning skal gjennomførast digitalt, så kjem dette ikkje tydeleg fram i regjeringa sine nasjonale tiltak. KD har i eit brev til Universitet og høgskular 5.januar presisert at praksis kan gjennomførast i tråd med reglar og råd for smittevern i den perioden anbefalinga om digital undervisning gjeld.

Studentar ved fleire utdanningar innan helse- og sosialfag startar studieåret med obligatoriske praksisperiodar, og mange studentar skulle starte i går 4. januar. Høgskulen på Vestlandet erfarer at dei nye nasjonale tiltaka har gjort til at nokre kommunar no vegrar seg for å ta imot studentane i praksis slik som avtalt. For HVL gjeld dette utdanningar innan vernepleie, sjukepleie, fysioterapi, ergoterapi, sosialt arbeid og barnevern. Dei same utfordringane gjeld òg for lærarutdanningane ved høgskulen.

Det har store konsekvensar for progresjon og gjennomstrøyming i utdanningane om studentane ikkje får gjennomført obligatorisk praksis. For mange utdanningar handlar det om at det har vore ekstraordinære løysingar i studia sidan mars 2020, noko som mellom anna har ført til reduksjon i praksis eller forskyving av praksisperiodar.

HVL ønskjer dialog med kommunane om gode felles løysingar for trygg gjennomføring av praksis. Eit døme på dette kan vere å innføre testregime for alle studentar som skal i praksis med screening og negativ test. Høgskulen ber kommunar som er usikre på om dei kan ta imot praksisstudentar som avtalt, ta tidleg kontakt slik at ein undersøke om det kan finnast løysing på utfordringane.

Kontaktpersonar for helse og sosialfagutdanningar er Dagrun Kyrkjebø, dagrun.kyrkjebo@hvl.no og Anne Charlotte Skahjem, anne.charlotte.skahjem@hvl.no

Kontaktperson for lærarutdanningar er Laila Elise Vindenes, laila.elise.vindenes@hvl.no.

Vi lenker til høgskulens informasjonsside om praksis: <https://www.hvl.no/student/praksis/>.